



Pensjonistpartiet
v/Frank W. Hansen
Olsvikveien 200
5184 OLSVIK

Dato: 30.04.2015
Vår ref.: 2015/4256-16
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Fylkestingsvalet 2015- endring av listeforslaget Pensjonistpartiet

Etter kontroll og gjennomgang av listeforslaget har vi følgjande merknader:

Kandidat nr. 5 Odd Fosse og kandidat nr. 8 Solveig Helene Tiljeros har kravd fritak for å stå på lista med grunnlag i vallova § 3-4. Leiaren av fylkesvalstyret har innvilga søknadane etter at ein skriftleg erklæring vart sendt inn innan fristen.

I valforskrifta § 15 Endringar på listeforslaget etter innleveringsfristen står det følgjande:

«(2) Hvis en kandidat strykes fra listeforslaget, avgjør den tillitsvalgte om det skal settes inn et nytt navn på den tomme plassen, eller om de etterfølgende kandidatene skal rykke opp i uforandret rekkefølge og listen suppleres med et nytt navn nederst. Andre omrokninger er ikke tillatt. Dersom fristen for å innlevere listeforslag er utløpt, skal den tillitsvalgte legge ved erklæring fra den nye kandidaten om at vedkommende er villig til å stå som kandidat på listen.»

Det kan og rykkast opp utan at det vert sett inn nytt namn nedst. Lista får då to kandidatar mindre, 8 kandidatar som er innafor kravet i lova.

Dersom ein berre ønskjer opprykk på lista ber ein om at dette vert gjeve melding om så snart som mogeleg og då gjerne på e-post.

Dersom ein ønskjer å setja inn ny kandidat ber ein og om at dette vert medelt oss så raskt som mogeleg og at erklæring vert lagt fram **innan 6. mai 2015**.

Svar kan sendast oss på ingeborg.borgen.takle@post.hfk.no.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.